

Jesus, den store øvstepresten

Arne Berge, Bryne kyrkje 31.10.2023

Innleiing

- Hebr har ei gjennomarbeidd og særprega undervising om Jesus, og dette toppar seg i uttrykket «Jesus, den store øvstepresten» (Hebr 4,14-10,18)
- Kva vil det seia at Jesus er øvsteprest? (noko anna enn prestetenesta i den kristne kyrkja)
- Dette har heller ikkje samanheng med øvstepresten i Jerusalem i Jesu lidingshistorie. Han leia den jødiske delen av prosessen mot Jesus
- Eit anna originalt uttrykk i Hebr: «Du skal til evig tid vera prest av same slag som Melkisedek» (Hebr 5,6 m fl). Kva betyr dette?
- Kva betyr dette for oss?

Prestetenesta i GT

- Mosebøkene. Ei offerteneste på vegne av folket, men også ei velsigningsteneste på vegne av Gud. Levi stamme, Aron
- Den store soningsdagen, Yom Kippur (3 Mos 16) med årleg soning for folket si synd
- Utvald av Gud (Hebr 5,1 ff)
- Prestetenesta blei meir organisert då tempelet i Jerusalem blei sentrum i gudsdyrkinga. «Øvstepresten» er tydelegare i tida etter eksilet i Babylon

Kva kan «av same slag som Melkisedek» bety?

Hebr seier at Jesus skal vera prest til evig tid av same slag som Melkisedek (Hebr 5,6 m fl).

Melkisedek er nemnt to stadar i GT (1 Mos 14,18-20 og Sal 110,4). I NT er han bare nemnt i Hebr, som siterer og tolkar dei to GT-tekstane.

- Teksten i Salme 110,1 og 4 (v 1 blir brukt i heile NT, v 4 blir sitert i Hebr)
- Teksten i 1 Mos 14,18-20, ei underleg historie i Abrahamsforteljingane
- Hebr 7,1-10 si tolking av 1 Mos 14

Historia om Melkisedek har gitt rom for undring og tolking både i jødisk og kristen samanheng.

Nokre meiner at Melkisedek er ei første og foreløpig openberring av Guds Son. Altså ein teofani, ein plutseleg og kortvarig gudsopenberring. Eg tenker dette blir for spekulativt. Og det er vanskeleg å forstå at ei eventuell slik viktig hending i frelseshistoria skulle få så liten plass i Skrifta.

Melkisedek er heller eit forbilde for Jesus som den store øvstepresten, Jesus som «prest» er ei evig presteteneste står over den aronittiske prestetenesta.

Kva vil det då seia at Jesus er øvsteprest?

- Jesus blir samanlikna med offerpresten frå Moselova og Hebr utdjupar gjennom dette tolkinga av Jesu død og oppstode (Hebr 7,26-28)
- Forsoningsdagen Yom Kippur blir brukt som forbilde på Jesu død og oppstode (Hebr 9,7; 9,11-28; 10,10)
- Jesus har som prest gjennom sin korsdød ofra seg sjølv, gått inn i den himmelske verda og opna vegen til Gud for menneska (Hebr 9,24; 10,12)
- Jesus utfører nå ei evig presteteneste i den himmelske heilagdomen og ber for oss (Hebr 7,24-25)
- Joh 17: «Jesu øvsteprestlege bøn» (kapittelet brukar ikkje desse orda)

Kva betyr dette for oss?

- Hebr 4,14-16 og 7,24-25
- Jesus som den medlidande frelsaren
- Jesus som gav livet for oss. Offerdøden. Oppstoda. Det evige liv
- Me kan stiga fram for nådens kongsstol med frimod, så me kan finna miskunn og finna nåde som gjev hjelp i rette tid (Hebr 4,16)